

Høyringsinvitasjon og mal for høyrings svar

Sak	Prosjekt Fagleg plattform, profil og strategi
Dato utsendt på høyring	01.12.16
Høyringsfrist	08.12.16
Send høyringsinnspel til	post@hisf.no ; postmottak@hsh.no ; post@hib.no
Bakgrunn for saka	<p>Prosjektet har hatt i oppgåve å kome med forslag til kjerneverdier, faglege visjonar og strategi for den nye høgskulen, samt forslag til prinsopp for strategisk utvikling og samkøyring av utdanningsløp. Vi ønskjer særleg tilbakemelding på forslaga til profilområde for HVL, inklusive område der vi vere nasjonalt leiande og/eller ha mulegheit for å lykkast internasjonalt.</p> <p>Høyringa vert sendt ut til avdelingar og administrative einingar, til dei tilsette sine organisasjonar og studentparlamenta, og ein ber om at einingane svarer samla (innspel frå underliggjande einingar/miljø kan følgje som vedlegg).</p>
Vi ønskjer spesielt innspel på (frå rapporten):	
Kap 3	<ul style="list-style-type: none"> - Prosjektgruppa ber om innspel til gruppering, omgrepsbruk og innhald. - Det er no lagt inn ei kort omtale av dei ulike områda der prosjektgruppa har identifisert at HVL kan vere nasjonalt leiande og/eller ha særleg mulegheit for å lykkast internasjonalt. Dei ulike fagmiljøa blir no bedne om å kvalitetssikre omtalen og skrive eit (kort) avsnitt der dei skildrar på kva måte desse områda hevder seg (basert på til dømes breidde og omfang på fagmiljø og utdanningar, gjennomslagskraft i publisering og ekstern finansiering og utdanningskvalitet). - På same måte ber prosjektgruppa om at ein skriv ei grunngiving (basert på til dømes breidde og omfang på fagmiljø og utdanningar, gjennomslagskraft i publisering og ekstern finansiering og utdanningskvalitet), dersom ein vil spele inn andre (og nye) område gjennom høyringa.
Kap 4	<ul style="list-style-type: none"> - Prosjektgruppa ber om synspunkt på og innspel til gruppering, omgrepsbruk og innhald når det gjeld tverrfaglege satsingsområde
Kap 5	<ul style="list-style-type: none"> - Korleis kan vi setje saman arbeidsgruppa som skal sjå på «strategisk fagleg utvikling og samkøyring av utdanningane ved HVL»? - Korleis skal ein sikre tilstrekkelege system og styringsgrunnlag, utan at det går på kostnad av faga si eigenart?
Kap 6	<ul style="list-style-type: none"> - Gir måla og operasjoniseringa grunnlag for styring og strategiutvikling? - Reflekterer måla og operasjoniseringa HVL sin profil?
Ansvarleg	Prosjekt Fagleg plattform, profil og strategi
Utsendar	Prosjektsekretariatet

Mal for høyringsinnspel

Sak	Prosjekt Fagleg plattform, profil og strategi
Høyringsinstans (svarar)	Seksjon for fou, HiSF
Prosess	Drøfting av høyringsrapporten i møte med tilsette, høyringssvaret ført i pennen av Viserektor for fou, HiSF.
Innspel	
Kap 3	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p> <p>God drøfting og presentasjon av profilområder og moglege satsingsområder, men kanskje særleg fagområda på Idrett, fysisk aktivitet og livsstil er handsama både litt lite fylldig, og verkar å bli litt splitta mellom helse/velferdsområdet og læring/danningsområdet. Dette er eit særmerkt fagområde der HVL har gode føresetnader for å kunne profilere institusjonen særleg i det nasjonale og internasjonale UH-landskapet i framtida, og ville slik ha fortent ei meir grundig omtale, og ein meir sentral plassering i tabellen på side 8.</p> <p>Under omtalen av barn- og ungdomslitteratur burde og kanskje den særleg satsinga på nynorsk litteratur innan dette feltet ha blitt framheva i omtalen og framtidsmoglegheitene.</p> <p>Begrepet Datateknologi verkar noko utdatert, og mindre dekkande for den reelle skildringa under overskrifta. Eit framlegg er å utvide dette til å kallast «Data og teknologi» sjølv om dette kanskje går på bekostning av eksterne kategoriseringar av fagtilbod på dette området for å sikre at overskrifta reelt skildrar innhaldet.</p> <p>Det burde og kanskje ha vore skildra om det er andre sterke fagmiljø som fell utanfor dei områda som er trekte fram i rapporten, og om det er grunn for å trekke fram noko av desse utover dei vanlege kriteria med grunnlag i ein særskilt relevans for regionen eller at dei er av nasjonal/internasjonalt betydning.</p>
Kap 4	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p> <p>Gode forslag til tverrgåande satsingsområder som i stor grad verkar dekkande for aktivitetane ved HVL.</p>
Kap 5	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p> <p>Ingen særskilte merknader, men grunnlaget i rapporten var noko summarisk behandla slik den no ligg føre. Vil tilrå noko meir utfyllande tekst her.</p>
Kap 6	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p> <p>Visjonen verkar å vere dekkande for det vi ynskjer med HVL, men er skriven noko omstendeleg. Ein saknar kanskje litt omgrepet «Tett på» i teksten, og slik det står no blir begrepet «dele» litt utan kontekst for eksterne lesarar av visjonen – dette kunne ha vore tydelegare framme i visjonen.</p> <p>I Kap 6.2 punkt 2) b) blir det framheva at ein skal «stimulere til forskingskvalifisering i fagmiljø» – det er viktig at dette ikkje gløymer prinsippet om at ein skal satse på begge karrierevegane frå fusjonsplattforma.</p> <p>Arbeidet med universitetsambisjonen skal starte opp i 2017. Det vil her vere viktig at prosessen med å etablere dei to siste ph.d.-programma er med på å bygge fagmiljø på tvers av tidlegare institusjons- og faggrensar. Ein vil difor tilrå at ambisjonen for årstallet for ein universitetssøknad blir endra til 2024-2025, og at ein brukar ekstra tid på å få dei to siste ph.d.-programma dekkande og motiverande for flest moglege</p>

Fusjonsprogrammet for Høgskulen på Vestlandet

	fagmiljø som har potensiale for å bidra til desse programma. Ein bør difor og endre tidspunktet for akkrediteringssøknader for desse programma til 2018.
Andre merknader	<p>Kommenter ut frå egne behov</p> <p>Sidan ein universitetssøknad krev at vi har internasjonalt god kvalitet både på utdanning og forskning bør ein allereie no sette fram ein ambisjon om at HVL skal få eit senter for framifrå utdanning (SFU) i løpet av dei neste åra.</p>